



#### Mostraumsvikje – gnr 74 bnr4

Kulturverntenesta i Nordhordland var 2. februar i år på synfaring til Mostraumsvikje gnr 74 bnr 4. Bakgrunnen for synfaringa var at eigaren; Øystein Senneseth ville ha ei vurdering av kulturminneverdi, tilstand og tiltak på det gamle vedskjulet/bryggerhuset som står like ved våningshuset på søraustsida. På bruket er det tre bustadhus, dvs eit våningshus og to kårhus. I tillegg er der naust, verkstad, skykkje, løe, sag, kai, fleire utløer samt sel på støylen..

Bryggerhuset er 5m breidt og 8m langt og har i tillegg ei skykkje i sørenden. Det er liggande kledning på veggane og bølgjeblekk på taket. Konstruksjonen er ei blanding av grindverk og bindingsverk. I nordre dele er der stor grue med skorstein. Søre delen vert nytta som verkstad.

Det er nytta gjenbruksmaterial i både betar, tro og skilleveggar i huset. Betane i søre delen har profil med alderdommelege trekk.

Det er lekasje i taket, kledninga er dårleg /råteskada og ramma ved dørene i søre delen er sterkt råteskada. Taket må av og råteskadde delar må skiftast ut før ein legg nytt bølgjeblekktak. Kledninga må av og det må settast inn nye rammer før ny kledning kjem opp.

Eigaren av Mostraumsvikje har i dei åra sidan han tok over lagt ned eit imponerande arbeid med husa i tunet. Våningshuset og eine kårhuset har blitt satt i stand i tråd med antikvariske prinsipp for istandsetting. Det blitt rydda og slått rundt husa i tillegg til vanleg vedlikehaldsarbeid og maling.

Det er svært få slike komplette kulturmiljø som Mostraumsvikje att i landet. Det at det ikkje er veg til gards gjer dette anlegget enda meir unikt og autentisk. Difor er alle objekt og bygningar i dette miljøet av høg kulturhistorisk verdi. Slik er det og med bryggerhuset.

Arild Sætre

Sivilarkitekt

Kulturverntenesta i Nordhordland

Salhusvegen 201

Telefon: 55 25 10 80

5107 Salhus

Org. nr.: 971 349 743

[post@muho.no](mailto:post@muho.no)  
[www.muho.no](http://www.muho.no)

Konto nr.: 3625.19.69684

... ei stemme til tida...



## Kostnadsoverslag

<b>Materialkostnader</b>				
	<b>Pris</b>	<b>Mengde</b>	<b>Sum</b>	<b>Mva</b>
Kledningsbord, furu 173mm x 22mm u fals	185	58m2	10730	2682
Ramme, 160mm x 150mm 2 x 3m	230	3m	690	172
	230	3m	690	172
Bølgeblikk	180	36m2	6480	1620
Festemiddel			2788	697
Frakt				
<b>Arbeid</b>				
	<b>Timar</b>	<b>Timesats</b>	<b>Sum</b>	<b>Mva</b>
Montering av stillas	6	500	3000	750
Demontering av råteskadd kledning ramme og trobord	22	500	11000	2750
Sette inn ny ramme	14	500	7000	1750
Ny kledning og utskifting av trobord	14	500	7000	1750
Montering av bølgeblikktak	14	500	7000	1750
Diett 10 døgn x 495 iflg statens regulativ			4950	1237
Overnatting iflg statens regulativ 8x 410			3280	820
Reise Bergen Mostraumen t/r 148 km x 4,05 =			599	149
Rigg og drift 10%			6520	
Sum			71727	
mva				16299
<b>Totalt m MVA</b>			<b>88026</b>	

Foto gnr 74 bnr 4



Tunet sett frå kaien



Våningshuset





